

KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/23/53

av 1. mars 2006

om fastsetjing av reglar i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 om bruk av EMAS-logoen i unntakstilfelle på transportemballasje og tertiæremballasje(*)*[meldt under nummeret K(2006) 306]*

(2006/193/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

eller tertiæremballasjen sin, som eit effektivt middel til å formidle miljøinformasjon til dei partane som det gjeld.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 av 19. mars 2001 om frivillig deltaking for organisasjonar i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 3 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

1) EMAS-logoen viser ålmenta og andre partar som det gjeld, at den EMAS-registrerte organisasjonen har innført ei miljøstyringsordning i samsvar med krava i forordning (EØF) nr. 761/2001.

2) EMAS-logoen kan ikkje nyttast på produkt eller på emballasjen deira, eller i samband med påstandar som inneheld ei jamføring mellom produkt, verksemder eller tenester. Som ein del av den vurderinga som er fastsett i artikkel 15 nr. 3 i forordning (EF) nr. 761/2001 kan Kommisjonen likevel vurdere kva unntakstilfelle EMAS-logoen kan nyttast i.

3) Visse EMAS-registrerte organisasjonar har uttrykt ei interesse for å nytte EMAS-logoen på transportemballasjen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 70 av 9.3.2006, s. 63, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 32/2007 av 27. april 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø) se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38, 9.8.2007, s. 37.

⁽¹⁾ TEF L 114 av 24.4.2001, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 196/2006 (TEU L 32 av 4.2.2006, s. 4).

4) I vurderinga av bruken, godkjenninga og tolkinga av logoen, som vart utført i medhald av artikkel 15 nr. 3 i forordning (EF) nr. 761/2001 av Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane, vart det konkludert med at transportemballasje og tertiæremballasje slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 94/62/EF av 20. desember 1994 om emballasje og emballasjeavfall⁽²⁾, vert rekna som unntakstilfelle slik det er fastsett i artikkel 8 nr. 3 i forordning (EF) nr. 761/2001, ettersom slik emballasje ikkje er direkte knytt til produkta, og bruken av EMAS-logoen på slik emballasje kan difor tillatast.

5) For å sikre at miljømerke på produkt ikkje skal kunne forvekslast, og for å formidle på ein tydeleg måte til ålmenta og andre partar som det gjeld, at bruken av logoen ikkje på nokon måte er knytt til dei produkta eller til eigenskapane til dei produkta som transportemballasjen eller tertiæremballasjen er nytta på, men til den miljøstyringsordninga som den registrerte organisasjonen nyttar, bør det dessutan førast opp tilleggsopplysningar på logoen.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 14 i forordning (EF) nr. 761/2001 —

⁽²⁾ TEF L 365 av 31.12.1994, s. 10. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/20/EF (TEU L 70 av 16.3.2005, s. 17).

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

EMAS-registrerte organisasjonar kan nytte dei to versjonane av EMAS-logoen som er fastsette i vedlegg IV til forordning (EF) nr. 761/2001, på transportemballasjen eller tertiæremballasjen slik det er definert i artikkel 3 nr. 1 i direktiv 94/62/EF.

I slike tilfelle skal EMAS-logoen utfyllast med følgjande tekst: «*[Namnet på den EMAS-registrerte organisasjonen]* er ein organisasjon som er registrert under fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)».

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærdet i Brussel, 1. mars 2006.

For Kommisjonen
Stavros DIMAS
Medlem av Kommisjonen
